

KONTAKTPERSONAR:

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
Pål Fidjestøl
Mob. 91 15 80 09/ e-post: pf@sparebankstiftinga.no

Huset i bygda
Christoffer Knagenhjelm
Mob. 48 00 48 17/ e-post: christoffer@ungdomslag.no

**Sogn og Fjordane
Ungdomslag**

ORGNR. 974805677
WWW.SOFUL.NO
WWW.FACEBOOK.
COM/SOFUL/

**NY AUKE TIL HUSET I BYGDA FRÅ OVERSKOTET TIL SPAREBANKEN SOGN OG
FJORDANE**

I Sogn og Fjordane er det 400 lagseigde kulturhus. Sparebanken Sogn og Fjordane si eigarstifting såg tidleg at det var stor trong for støtte til bygningsmessige tiltak i dei mange kulturhusa i fylket. Gjennom å vere ein føreseieleg partner for kulturhusa, kunne Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane bidra til å utløyse andre tilskot til dei lagseigde kulturhusa.

I 2016 byrja eit samarbeid mellom Sparebankstiftinga og Huset i Bygda om økonomiske tilskot til lokale kulturhus. Ordninga har vore svært viktig for å auke både merksemd om og standard på dei lagseigde kulturhusa. Kulturhusa er viktige møteplassar og er mykje brukt av alle generasjonar til sosialt samvære og variert aktivitet. Mange av husa treng etter kvart utbetring og ombygging. Dette arbeidet er kostnadskrevjande, og ein stor dugnadsinnsats frå eigarar og lokalsamfunn er avgjerande.

- Ein stor del av aktivitetsauken kan tilskrivas Huset i Bygda sitt arbeid med å rettleie eigarane av kulturhusa. Dei har òg vore ein viktig partner med sin store kunnskap om aktiviteten og historia til kulturhusa i fylket, seier kultursjef Pål Fidjestøl i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

- Sparebankstiftinga er svært nøgd med det gode samarbeidet med Huset i Bygda, og har difor vedteke å gje dei ei gåve på kr. 800 000. Dette er ein auke på kr. 150 000 frå 2019, og er eit uttrykk for Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt ønske om å vere ein føreseieleg partner for lokale kulturhus i Sogn og Fjordane.

- Eg er glad for denne tillitserklæringa - og at vi kan fortsette det gode samarbeidet med Sparebankstiftinga, til det beste for kulturhusa i Sogn og Fjordane, seier Christoffer Knagenhjelm, ansvarleg for Huset i Bygda.

Gåva vil som før gå til bygningsmessige tiltak i lagseigde kulturhus, og Huset i Bygda er ansvarleg for å ta i mot og handsame søknadane.

Søknadsfristen vert som tidlegare 15. april. Informasjon om tilskotsordninga vil bli lagt ut på www.sparebankstiftinga.no og www.husetibygda.no



OM SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig Sparebanken Sogn og Fjordane saman med Sparebankstiftinga Fjaler. Stiftingane deler ut gåvemidlar frå overskotet til banken. Gjennom sitt eigarskap i sparebanken har Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ein eigenkapital på ca 2 milliardar, og er med det ein av dei største forretningsstiftingane i landet.

OM HUSET I BYGDA:

Huset i Bygda (HiB) vart etablert av Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) i 2010. Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere alle organisasjonseigde kulturbygg i Sogn og Fjordane; ikkje berre kulturbygg eigd av egne medlemmer.

SOFUL er del av Noregs Ungdomslag, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. I fylket har vi i dag 30 lokallag, der SOFUL er bindeledd mellom Noregs Ungdomslag og lokallaga i fylket.

SOFUL dekker frivillig kulturarbeid og bidreg med kursverksemd innan folkedans, folkemusikk revy, teater, idrett og andre typiske klubbaktivitetar for folk i alle aldrar. Nokre lag i fylket har òg ansvar for kinodrift. SOFUL er viktig for å ta vare på nynorsk gjennom publiserings- og mediarbeid og anna kulturelt arbeid for å sikre nynorsk som skriftspråk.

